



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENT

Statsråden

Ifølgje liste

Dykkar ref

Vår ref

Dato

22/868-44

22. juni 2022

Avgjerd om avslag på initiativ om å greie ut grensejustering mellom Strand og Sandnes kommunar

Eg viser til innbyggjarinitiativ 1. desember 2021 frå Kjersti Helen Seldal Nordnes, og til brev frå Statsforvaltaren i Rogaland 31. januar 2022 med statsforvaltaren si vurdering av innbyggjarinitiativ om grensejustering av området nord for Lysefjorden (Kolabygda) frå Strand kommune til Sandnes kommune, jf. inndelingslova § 8 første ledd.

Det er Kommunal- og distriktsdepartementet som avgjer om det skal setjast i gong ei utgreiing av initiativ etter inndelingslova § 8, og som tar stilling til kva som er nødvendig omfang av ei slik utgreiing, jf. inndelingslova § 9 første ledd.

Området nord for Lysefjorden (Kolabygda) var del av tidlegare Forsand kommune, men blei grensejustert inn i Strand kommune i 2018. Forslaget om nye grenser i det framsette innbyggjarinitiativet er tilsvarande grensene som gjaldt før området blei grensejustert i 2018. Initiativtakarane har trekt fram fleire moment i sin søknad, særleg omsynet til borna i området. Initiativtakarane viser mellom anna til at skulevegen er lengre enn det som blei lagt til grunn under vurderinga av grensejusteringa i 2018, og at dei må søke Sandnes kommune om å gå på skulen i Forsand kvart år. Initiativtakarane viser til at dette medfører usikkerheit for born og foreldre.

Statsforvaltaren har sendt initiativet til begge kommunane, som har uttala seg i saka. Sandnes kommune ga uttale 21. desember 2021 og stiller seg positiv til ei grensejustering. Strand kommune viser i si uttale 20. januar 2022 til at saka tidlegare har blitt handsama gjennom to innbyggjarinitiativ, og at det ikkje har kome fram noko nytt i saka.

Statsforvaltaren tilrår i brev til departementet 31. januar 2022 at saka ikkje blir utgreidd. Statsforvaltaren meiner samla sett at det ikkje er tungtvegande grunnar til å setje i gang ei utgreiing no. Statsforvaltaren meiner det ikkje ligg føre vesentleg nye moment i dette initiativet, eller at dei faktiske forholda har endra seg, sidan avgjerda om grensejustering til Strand kommune blei fatta.

Departementet si vurdering og avgjerd

Inndelingslova opnar for at innbyggjarar kan søkje om å få endra si kommunetilknytting dersom dei meiner at samfunnsutviklinga (mellom anna samferdsel og kommunikasjonar, utbyggjing av kommunale tenester, demokratisk deltaking m.v.) har medført at dei administrative grensene ikkje lenger er formålstenlege for deira daglegliv. Departementet viser til at området blei vurdert og vedteke grensejustert frå Sandnes kommune til Strand kommune i 2018, og kan i likskap med statsforvaltaren, ikkje sjå at det ligg føre vesentleg nye moment i dette innbyggjarinitiativet som gir grunn til å utgreie saka nærare.

Departementet viser til brev frå departementet 22. juni 2022 om vedtak i sak om grensejustering mellom kommunane Sandnes og Strand, kor Kommunal- og distriktsdepartementet har vedteke å ikkje gjennomføre ei grensejustering frå Sandnes kommune til Strand kommune av den delen av gamle Forsand kommune som frå 1. januar 2020 har høyrte til Sandnes kommune. Forsand-området vil framleis liggje i Sandnes kommune.

Avgjerd om ikkje å setje i gong utgreiing av grensejustering kan påklagast i samsvar med reglane i forvaltningsloven kap. VI, jf. inndelingslova § 9 første ledd. Klagefristen er tre veker, jf. forvaltningsloven § 29.

Med helsing



Sigbjørn Gjelsvik

Kopi

Kartverket

Adresseliste

Statsforvaltaren i Rogaland Kjersti Seldal Nordnes	Postboks 59	4001	STAVANGER
Sandnes kommune	Postboks 583	4302	SANDNES
Strand kommune	Postboks 115	4126	JØRPELAND